

Nr. 3-2024, årgang 60

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

HAUSTEN 2024



«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Det er blitt september med frukt og bær i hagar og skogar, fargerike lier og rikeleg med regn og fulle magasin for alle kraftverka i kommunen vår. Denne venda har me ei lita samtale med ein av dei som har funne vegen attende til heimegrenda si, Hans-Christian Stana Borstad. Frå Oslo har han og kona Mari og dei tre borna, Ingeborg på fire år, Samuel på to år og Ragnhild på fem månader flytt inn i nyrenovert hus på Borstad.



– Du fekk vel med deg både solid utdanning og praksis før du sette kursen heimover?

– Ja, eg utdanna meg til lærar og fekk med meg åtte år på ein skule i Oslo, verdifull praksis og gilde minne som er gode å ha med seg vidare. Då me kom heimover i fjor, var planen at eg skulle kunne kombinere bondeyrket her heime med å vere lærar på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule.

– Det er nok blitt temmeleg livat på det gamle gardstunet?

– Ja, me trivst godt, både store og små, og me har rikeleg med boltreplassar. Mari, kona mi, har hatt arbeidsplassen sin i Statens pensjonskasse i Oslo, og den stillinga held ho fram med frå heimekontoret sitt. Her har ho naturleg nok ikkje så mykje direkte kollegasamarbeid, så då er det triveleg å kome seg ut og treffe folk og bli betre kjend. For tida har Mari foreldrepermisjon, og då fer ho mellom anna ut med Ragnhild for å leie «babysong», og slik får ho treffe hyggelege sambygdingar.

– Somme av oss la merke til at du for ei tid sidan, då de budde i Oslo, var ein av møteleiarane på ei søndagsgudsteneste på NRK?

– Ja, me var med i Oslo Misjonskirke Betlehem på Abildsø i Oslo, ei stor og triveleg forsamling med eit inspirerande barnearbeid. Frå dei åra har me med oss gode minne og verdifulle impulsar.

– I haust har du teke til i delstilling som kyrkjevevjerje?

– Ja, eg skal kombinere ei 50-prosentstilling som kyrkjevevjerje med å vere bonde, noko eg håpar blir ei god løysing både for meg og for arbeidet i kyrkja.

– Før me rundar av, må me høyre kva du har funne fram frå songskatten vår?

– Eg tenkte ganske snart på songen Dine løfter er mange, din trofasthet stor, ein song med ein vakker melodi og eit rikt innhald. Songen fortel fint om at Gud har omsorg for oss, og at han vil gje mot og glede, slik at me òg kan vere til hjelp for dei som «trenger en hånd».

TV

Dine løfter er mange, din trofasthet stor

nr. 559 i Norsk Salmebok

- 1. Dine løfter er mange, din trofasthet stor,
Vi vil takke, vi vil lovprise deg.
Du vår Skaper som elsker oss alle på jord,
Og vet nøye om vår vandring og vei.*

Kor:

*Herre, led du oss frem, la oss bli til hjelp for dem
som du viser oss trenger en hånd!
Gi oss lys til å se, gi oss vilje til å be:
Herre Gud, fyll vårt liv med din Ånd*

- 2. Sannhets Ånd, vis oss klart hva som hindrer ditt verk,
Vis oss synden så vi ser den er vår!
Hjelp oss tro at Gud tilgir, at nåden gjør sterk,
at den rettferd som vi får, den består!*

Kor:

- 3. Hellig Ånd, vis oss Jesus, hans godhet og makt,
at han lever nå og er her i dag!
At hans død og oppstandelse, slik han har sagt,
vil gi kraft og mot til den som er svak!*

Kor:

- 4. Dine gaver er mange, din nåde er rik.
Herre, velg for oss de gaver du vil.
Hjelp oss bruke dem rett, og forvalte
at det merkes vi er tent av din ild!*

Kor:

- 5. Lær oss elske hverandre, og se hva det er
du har ment med at vi bor der vi bor!
Hjelp oss vitne om Jesus for fjern og for nær,
La ditt ord nå ut til hele vår jord!*

Kor:

Tekst og melodi: Sigurd Lunde, 1979

ANDAKT

«Herre, lær oss å be»

Slik var det læresveinane ein gong sa til Jesus. Det er ei interessant oppfordring dei kjem med. Ho seier noko om at det å be ikkje er noko som kjem «av seg sjølv», så å seie. Det er faktisk noko ein kan og må lære.

Så kva vil det eigentleg seie å be? Djupast sett er det å opne opp hjarta, tankar, kjensler, kropp og å gje den treeinige Gud rom. Dette er det djupaste målet med gudstenesta. Difor byrjar vi gjerne med ei samlingsbøn: «Lat no opp hjarta våre, ved din Heilage Ande». I gudstenesta talar Gud til oss på så mange måtar, både i ord og bilete og tonar og riter og sakrament. Og gudstenesteliturgien inkluderer alltid den bøna som Jesus lærte oss – ei bøn som rommar alle ting – det er Fader Vår.

Sjølve ordet «liturgi» - altså gangen i gudstenesta – tyder faktisk «det folket som arbeidet gjer». Og dette arbeidet som kyrkjelyden gjer, er å be. Det er å ta imot, å la Gud få rom, og så å respondere med lovsong, offer, fellesskap og teneste. Vi treng ikkje å tenke og gruble så mykje når vi er i kyrkja, det held at ein berre er til stades, og er open. Difor må også gudstenesta vere djup, meditatív og mystisk – men her må også vere rom for glede, lovsong og spontanitet.

Eg vil nemne ei sak til om bøn, som Luther seier i katekisma. Det er krossmerket. Dette heilage merket vart teikna over oss då vi vart døypte, og det vil også ein gong på ny teiknast over oss når vi leggjast i grava til den evige kvila. Luther seier: Når du skal byrje dagen din, så be Herrens bøn, gjer krossmerket framfor kroppen din, og syng ein salme, så kan du gå til ditt arbeid. Det er også ei trøyst for den som tykkjer det er vanskeleg å be med ord: Det går an å be med handa og kroppen. Prøv gjerne, du også, og sjå kva som skjer inni deg når du gjer det.



Hallvard Nordbø Jørgensen, sokneprest (vikar)

ME STAKK INNOM

For mange er det nok blitt kjent at me ikkje får ny sokneprest i Nissedal i år. Ja, korleis skal nå det bli, har somme undra seg på. I sommar har nok fleire truleg fått nye tankar om at me likevel kan få gode løysingar. På gudstenester og i gravferder har det dukka opp ein prest i koret med kledeleg mørkt skjegg, og som med roleg røyst har bore fram ord til glede, trøyst og ettertanke. Ja, ikkje nok med det. Både med og utan gitar har han gledd oss med *salmar, lovsongar og andelege viser*, slik det skrive står.

I Kyrkjelydsbladet fekk me lyst til å bli litt betre kjend med han som skal fylle ein del av soknepreststillinga dei neste månadene, Hallvard Nordbø Jørgensen. Ein dag i slutten av august møter me han på kyrkjekontoret.

Gode oppvekstår i Vrådal

– *Du fekk vel barndomsheim og oppvekstår i Vrådal?*

– Ja, her voks eg opp med foreldre og fire sysken. Eg har gode minne frå barndomsheimen med mange kring bordet, og der me fann på mykje leik og moro i lag. På den tid var det meir folk i heile Vrådal. Ja, slik eg minnest det, var det yrande liv over alt. På grendeskulen på Straumsnes hadde eg Birger Skipar som klasselærer, og då fekk me fine opplegg med natur- og miljøfag. Mellom anna var me ute og såg på dyr og fuglar og var med på å kalke fiskevatn. Som ein del av opplegget i historie var me ute og rydda bunkerane langs Nisser, forsvarsverka som tyske soldatar bygde under krigen. Eg syntest au det var moro å få vere med på fotballbanen og kome meg ut på ski.

På bedehuset var me med på sundagsskulen. Far min var prest, så det blei naturleg å vere med på ein del av gudstenestene. Då eg var 12 år, svara eg ja til å prøve meg som klokkar i Vrådal kyrkje, noko eg syntest var ei spennande oppgåve.

– *Så reiste du att og fram med skulebussen til Kviteseid?*

– Ja, då blei det fyrst tri år på Kviteseid ungdomsskule før vegen gjekk vidare til Kvitsund. Eg treivst godt både på ungdomsskulen og på vidaregåande. På den tid hadde det i idrettsmiljøa i Oslo vakse fram eit lagsarbeid som blir kalla KRIK (Kristen idrettskontakt) med friluftsliv, trening, turar og leirar, eit fint tiltak som òg ein del toppidrettsfolk blei med i. Frå nå av blei det slett ikkje heilt uvanleg at gudstenester og sportsandaktar kom med i programmet på ein del idrettsarrangement, og i OL-troppen fekk dei med seg eigen «idrettsprest». Dette miljøet hadde òg nådd fram til Kviteseid, noko eg tykte var inspirerande å bli med i. Her var det plass både for toppidrettsfolk og for alle andre som lika å bruke kroppen i idrett og friluftsliv, og som gjerne ville ha med seg ein sportsandakt på sundagsturen eller i skibakken, fortel Hallvard frå minnerike skuleår.

Allsidig utdanning

Då Hallvard var ferdig med vidaregåande, bar det av stad til hovudstaden. Visst var det gildt å kome til nye og store miljø med mange unge menneske, men som han seier, var han ennå ikkje heilt klar på kva slag yrkesliv det ville bli. Han hadde med seg ei god reiseniste frå heimen, kyr-

kja og bygdemiljøet, tru og verdiar som han dela, men samtidig ville han gjerne lære meir og vere viss på at tankar og trusliv var hans egne. Slik kunne studietida bli både ei danning i høve til dei store spørsmåla i livet og samtidig ei utdanning til yrkesliv og arbeid.

–Eg fekk to lærerike år på høgskulen på Fjellhaug, fortel Hallvard vidare, – like eins òg eitt år som miljøarbeidar på Drottningborg vidaregåande skule. Noko seinare fekk eg prøve meg som lærar i ungdomsskulen. Jau, eg syntest absolutt det var triveleg og meningsfylt å vere lærar, men samtidig hadde eg fått smaken på å gå djupare til verks i den kristne læra. Det gjorde at eg tok til med teologistudium på Menighetsfakultetet og med andre fag på Oslo universitet. Etter kvart som eg tok eksamenar, mogna det fram tankar om å bli prest.

Tilbake til heimlege fjell og dalar

Då Hallvard hadde blitt ordinert til prest, var det naturleg nok mange stader han kunne søkje seg til. I alle år var han klar over at han hadde vakse opp i eit godt bygdemiljø som han sette pris på. I feriar hadde han ofte funne vegen attende til heimlege trakter. Om somrane heldt han kontakt med heimbygda, mellom anna med å køyre omkring med posten.

I tida med utdanning hadde det vakse fram eit endå klarare syn og perspektiv på folk, historie og verdiar i bygdemiljøet heime. Nå var han òg klar over at det han stod for i tru og liv, var noko meir enn det han hadde med seg i arv heimafrå. Dette gjorde at han kunne kjenne seg trygg på å gå inn i stillinga som prest i gamle heimemiljø. Fyrste tenestetida blei i Bø, og for å gjere ei nokså lang historie langt stuttare, kan me nemne at Hallvard Nordbø Jørgensen etter kvart kom til å bli sokneprest i Eidsborg, Mo og Skafså, slik det heiter i sokneinndelinga. Hallvard har på nytt gjort seg kjend i bygdene i Vest-Telemark der han trødde barneskorne sine. Her finn han fram på skogsvegar og turløyper, til moltemyrar, til blånande fjellvatn og vide utsyn. Ikkje minst set han pris på den fine og varierte turløypa opp til Roholtfjell.

Frå han var liten gut, lærte Hallvard å spele både gitar og piano, noko han finn ro og glede med heime, og som han kan gje vidare ute. Han vil òg gjerne vere med på å utvikle songen og musikken i gudstenestelivet. Noko anna han gjerne brukar ein del av fritida til, er å roe ned med ei god bok. Det er ikkje fritt for at hyllene stadig får nye bøker.

– *Du har nemnt på at du etter kvart ser endå klarare dei gode verdiane i bygdelivet?*

– Ja, Aasmund Olavsson Vinje er inne på dette. Han meiner byen har breidda av kulturlivet, men det er i bygdene me finn den djuppe jorda. Samtidig nemner Vinje på at både by- og bygdekultur treng impulsane frå Europa, arven frå Aten, Roma og Jerusalem. Nå er nok ikkje alt like bra i bygdene i Vest-Telemark heller, men me har ein rik arv som me må halde ved lag i bygdekultur og kyrkjeliv, og som me må odle og gje vidare til nye generasjonar. For min del trur eg kyrkja er grunnsteinen også for kulturlivet og heile samfunnslivet. Historia fortel at kyrkja ber på faste og varige verdiar som vil halde om tidene skifter, seier Hallvard Nordbø Jørgensen til slutt med eit overtlydande smil; klar til leggje bak seg stadig nye mil med bilen for å formidle den glade budskapen om tru, von og kjærleik – i sol og regn, i glede og sorg.



TV

TRUSOPPLÆRING

Nissedal Yngres hausten 2024 – Kyrkjebygda bedehus

Torsdagar frå kl. 17.30-19.00

Oktober:

03. spel/hobby – utlodning
17. hobby/spel – bollar og saft
31. spel/hobby – utlodning

November:

14. hobby/spel – bollar og saft
28. Adventsgudsteneste i kyrkja kl. 18.00
Tenning av jolegrana og grautfest på bedehuset

Vel møt til alle frå 1.–7. kl.


Sundagskulen i Nissedal – Kyrkjebygda bedehus

Det vert sundagsskule
kl. 11.00 – 12.00 desse sundagane:
**20. oktober, 3. og 17. november,
1. og 15. desember**



Sundagskulen i Treungen – Treungen bedehus

Det vert sundagsskule fylgjande
sundagar hausten 2024 kl. 11.00
for alle frå 0 år og til og med
5. klasse.
27. oktober og 10. november



STØRST AV ALT

Aldri aleine – Treungen bedehus

Aldri aleine er eit trusopplæringsopplegg for
elevane i 5. - 7. Klasse i heile kommunen. Her
møtast me på bedehuset i Treungen for samling,
is, leik og aktivitet 😊

Me er opptekne av god stemning og eit inklude-
rande felleskap der alle er ulike og unike.
I haust blir det samlingar 14.oktober, 28.okt.,
11.nov. kl.17.30-19.30 på Treungen bedehus og
Lys vaken m/overnatting i Treungen kyrkje
16.-17.november.

Supermandag – Fjone bedehus

Alle barn i barnehagealder er velkomne til
samling, song og leik på Fjone bedehus. Ein
mandag i månaden vert heile familien invitert
til å ete middag saman.

Når det er middag på bedehuset for heile
familien – hugs å gje beskjed til Mari eller
Hans-Christian kor mange de kjem seinast
fredagen før.

Stikkord for ramma rundt arbeidet er:

Tru, håp og livsglede

September:

30. kl. 16.30–18.00 Middag for heile familien.

Oktober:

14. kl. 17.00–18.00 For barn i barnehagealder.
28. kl. 16.30–18.00 Middag for heile familien.

November:

11. kl. 17.00–18.00 For barn i barnehagealder.
25. kl. 16.30–18.00 Middag for heile familien.

Desember:

09. kl. 17.00–18.00 For barn i barnehagealder

Nattkafé – Treungen bedehus

3 laurdagar i halvåret arrangerer Nissedal sokneråd **Nattkafé** på Bedehuset i Treungen: 28. sept., 19. okt. og 29. nov i 2024.

Velkomen til **Nattkafé** på Treungen Bedehus, som er ope for alle og som jobbar for eit inkluderande, rusfritt, hyggeleg, leikande og akseptierende miljø. Servering av pizza på kvar **Nattkafé**.

Vi har mange ulike aktivitetar du kan halde på med: spel, kortspel, bordtennis, luftgeværskyting, kahoot, biljard, sjakk, gode samtaler, relasjonsbygging, leik og mykje meir. Du vil også få med deg ein kveldstanke om livet!

Nattkafé er for ungdommar frå 8. klasse til og med vgs.

Ynskjer du å ta kontakt? Er det noko du lurar på? Treng ditt barn tilrettelegging? Ta kontakt med leiar Anita Haugstad Haugsjå på tlf: 94472235.

NORMISJON – TREUNGEN BEDEHUS

Oktober

- | | | | |
|---------|-----|----------|------------------------------------|
| Torsdag | 03. | kl.19.00 | Møte, Arvid og Ester Lindal. |
| Torsdag | 10. | kl.19.00 | Bøn og samtale. |
| Torsdag | 17. | kl.19.00 | Dugnad/fellesskap. |
| Fredag | 18. | kl.18.00 | Basar. |
| Onsdag | 30. | kl.19.00 | Møte i Haugsjåsund, Morten Kravik. |

November

- | | | | |
|---------|-----|----------|---|
| Laurdag | 02. | kl.18.00 | Sang/radiokveld Radio MG
– Johan og Gunilla Sigvardsson. |
| Torsdag | 07. | kl.19.00 | Bøn og samtale. |
| Torsdag | 14. | kl.19.00 | Dugnad/fellesskap. |
| Onsdag | 20. | kl.19.00 | Møte i Haugsjåsund, Ulf Børje Rahm. |
| Torsdag | 28. | kl.19.00 | Møte, Arvid Hunemo. |

Desember

- | | | | |
|-------------------|----------------|---------------------|---|
| Torsdag | 05. | kl.18.00 | Besøk av M. Kleiven og O. Haugen. |
| Sundag | 08. | kl.16.00 | Adventsamling i Haugsjåsund. |
| Torsdag | 12. | kl.19.00 | Møte. |
| Torsdag | 19. | kl.19.00 | Dugnad/fellesskap. |



Felle frikyrkje

Sundag 22.sept. kl.11.00: Møte med tale av Jens Bergsland
Sundag 20.okt. kl.11.00: Møte med tale Ole Bjørn Bjørnsen
Sundag 24.nov. kl.11.00: Møte

Vel møtt!



Basar – Kyrkjebygda bedehus

Fredag 8.november er det basar på Kyrkjebygda bedehus.
Som vanleg blir det lodd på bok og åresal frå klokka 18.00.

Du kan ta middagen på bedehuset denne dagen:
Frå klokka 17.00 får du kjøpt komper ~~og pølsar~~.
Gratis kaffi og kake.
Inntektene går til drifta av huset.



Katolske messer hausten 2024 i Treungen kyrkje

Alle messene er kl. 15.00

27. oktober
23. november
25. desember (1. juledag)

HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

Onsdag 30. okt.kl.19.00: Møte med besøk av Morten Kravik frå Israelsmisjonen.
Kollekt og enkel servering.

Onsdag 20. nov. kl.19.00: Møte med tale av Ulf Børje Rahm frå Normisjon
Kollekt og enkel servering.

Vel møtt!



GUDSTENESTELISTE MED OFRINGAR

Oktober

06. 18.00 Treungen
20. 11.00 Treungen
27. 11.00 Nissedal

Gullkonfirmantar
Familiegudsteneste
Konfirmantpresentasjon

Offer:

Mali
Kyrkjelydsarbeidet

Trusopplæringa

November

03. 18.00 Nissedal
17. 11.00 Treungen
28. 18.00 Nissedal

Minnegudsteneste
Familiegudsteneste. Lys vaken
Familiegudsteneste.
Tenne jolegrana og grautfest

Kyrkjelydsarbeidet
Trusopplæringa

Trusopplæringa

Desember

01. 17.00 Felle
15. 15.00 Treungen
15. 18.00 Treungen
19. 09.30 Treungen
22. 18.00 Nissedal

24. 13.00 Felle
24. 14.30 Treungen
24. 16.00 Nissedal
25. 11.00 Treungen

Familiegudsteneste. Opne jolegata
Vi syng jola inn
Vi syng jola inn
Skulegudsteneste
Adventsgudsteneste
med mykje song og musikk
Joleftan
Joleftan
Joleftan
1. joledag

Trusopplæringa
Kyrkjelydsarbeidet
Kyrkjelydsarbeidet

Kyrkjelydsarbeidet
Kirkens nødhjelp
Kirkens nødhjelp
Kirkens nødhjelp
Mali

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe Liv Lia tlf: 414 470 19 (Treungen) og Astrid Eidem Nordal tlf: 936 594 21 (Nissedal).

Fjoneferja går ekstra avgang viss det er ønskeleg når det er gudsteneste i Nissedal. Ta kontakt med dei.

TREUNGEN FRIKYRKJE HAUSTEN 2024

Oktober

- 01. 18.00 Kvinneforening
- 02. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 13. 18.00 Fortellergudsteneste
Når livet møter troen
Bjarne Lindbekk
- 15.19.30 Sang og musikk kveld
Anne Marie og Johan Sandstad,
Alf Petter Hammersmark.
- 16. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 16. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 19.-20. BGF Kragerø
- 20. 11.00 Gudst. Gullkonf. Treungen kyrkje
- 22. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 23. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 27. 11.00 Gudsteneste med konf.pres. Nattverd
- 29. 18.00 Kvinneforening
- 30. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

November

- 05. 18.00 Kyrkjelydsmøte
- 06. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 07. 18.00 Kveldskafe for 8.-10.kl
- 10. 17.00 Gudsteneste med nattverd.
Åpenbaringen fortalt.
Anne Kristin og Sven Åsmundtveit
- 13. 11.30 Andakt og kaffi på NOS- talgi
- 17. 19.30 Husgrupper
- 19. 18.00 Global uke. Forteljing og middag
- 20. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 24. 11.00 Sundagsskule for alle
- 26. 18.00 Dugnad. Jolemess
- 27. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 29. 18.00 Jolemesse
- 30. 11.00 Jolemesse med fam.samling kl.12.00
og misjonsmøte kl.15.00

Desember

- 03. 18.00 Kyrkjelydsmøte med nattverd
- 04. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 08. 17.00 Adventsamlings
- 11. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 24. 15.00 Jolegudsteneste.
- 29. 17.00 Sundagsskulens jolefest. Bedehuset



Besøk i Haust

Fortellergudsteneste 13.okt kl.18.00.

Bjarne Lindbekk kjem og deler tanker med overskrifta: «Når trua møter livet, med utgangspunkt i dei tre kortromanene om Sander og Marte: Nåde på forskudd, Nåde underveis og Nåde i motgang. Etter gudstenesta serverer vi te og det blir tid til spørsmål og samtale. Han tar med både gratisbøker og bøker for salg.

Sang og musikkveld

Tysdag 15.okt kl.19.30 får vi besøk frå Stavern. Anne Marie og Johan Sandstad bidreg med song og Musikk og Alf Petter Hammersmark har andakt. Vi håper mange vil sette av kvelden.

BGF: 19.-20.okt for 1. kl-7. kl

Vi håper mange born og nok vaksne vil bli med til Kragerø på barnegospelfestival. Her blir det sangglede, aktiviteter og show!
Pris; 800/700,- for medlemmer
Voksne: 350,-
Påmeldingsfrist 13.okt.
For meir info gå inn på www.bgf.no

Ta kontakt med Rut S Nielsen: 934 68 174
for påmelding

JOHANNES' ÅPENBARING FORTALT

Johannes' åpenbaring er den siste boka i Bibelen, den mest billedrike boka, og kanskje den boka som er vanskeligst å forstå. Samtidig har mennesker i to tusen år funnet trøst i Åpenbaringen, særlig de som har levd under vanskelige forhold. Lytt med hjertet og opplev sammenhengen i teksten.

Forteller: Anne Kristin Aasmundtveit (forteller, forfatter og tidligere forlagsredaktør, ansatt i Bibelselskapet)

Musiker og sanger: Sven Aasmundtveit (forfatter og ikonmaler, tidligere frikirkepastor)



**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre eller har du spørsmål så ta kontakt med:
Lena Haugsjå: 90685202**

**Alle er velkomne på andakt og kaffi på NOS-talgi (kafeen på omsorgsenteret) onsdagar
11.30 Frikyrkja har ansvar i partalsveker.**

Vil du bli fast givar? Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377

**Treungen frikyrkje sin gåvekonto
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

EI TALE FOR DEN SOM SER

Minne

Hugsar du då « Husker du» gjekk på fjernsyn? I så fall har du levd ei stund. Programmet stod på sendeplanen i mange år, men blei avslutta for 40 år sidan. Undertittelen var «Musikalsk underholdningsprogram for alle og enhver- og spesielt for folk som har levd en stund.»

Musikk kan framkalle minne. Og eg har nok blitt gamal, for eg synest ikkje dagens musikk kan måle seg med den me hørde på for 30-40 år sidan. Handlar det kanskje om ein lengt tilbake til tider som var? Ordet nostalgi rommar noko av denne kjensla. I Store norske leksikon er ordet forklart som mellom anna «lengsel tilbake til tidligere tider av ens liv» og «romantisering av det forgangne».



Det er ikkje sikkert at andre har det på same måten som meg, men minna har ein tendens til å bli pynta på, og utsegna «Alt var betre før» er ikkje langt unna. Det er ikkje alle som har gode minne frå tider som har gått, så her kan ein ikkje generalisere. For nokon er kanskje tida akkurat nå, den beste dei har hatt. Og for andre er korkje fortid eller nåtid noko å juble over. Eit fotografi, ein song, ein lukt, ei reise eller eit møte med eit anna menneske kan kalle fram minne. Gode eller vonde. Uansett, det har vore med på å gjere oss til den me er i dag.



Grunnen til at eg kom på minne-tanken, er at eg gjekk forbi barndomsheimen i sommar, og det er det ikkje ofte eg gjer. Ikkje har eg kontakt med nokon frå den tida heller, som eg kunne halde minna levande saman med. Så for meg var det godt å sjå huset att og vandre på den gamle skulevegen min. Sikkert med ein god porsjon nostalgi, altså romantisering av det som var. Av og til å gå inn i rom som har vore lukka nokre år, kan vere både spanande og lærerikt. Nå ser eg ting i eit anna perspektiv, og forstår kanskje noko som var uklart før. Eg kan ikkje skru tida tilbake. Eg ønsker heller ikkje det, for livet er her og nå, og det er opp til meg å gjere det beste ut av det.

Apropos musikk og minne. Eg kom på ein song frå 1917 med tekst av danske Mads Nielsen. Den kan gje retning for morgondagen. *Hver dag er en sjelden gave, en skinnende mulighet. Hver dag er på ny en nåde som stiger fra himmelen ned.*

GBR-M.



Hva skjer på Frivilligsentralen 😊

Vi er nå i gang med vårt 9 år etter oppstarten i 2016. Vi trives i sentrum og er veldig heldige som har så mange dedikerte frivillige, vi rekrutterer og blir flere.

BruktBua går godt, den drifter sentralen med faste utgifter og gjør til at vi har mulighet til å gi tilbake til bygda i form av gaver til barn og unge, markedsdager og der det trengs.

Så en stor takk til alle frivillige som jobber på, alle som leverer til butikken og handler her 😊
Vi sender også masse kolli hvert år til Hjelpesending.

Utlånsentralen:

Vi har mye utstyr til gratis utlån. Både til sommer og vinteraktiviteter. Ski, slalom, skøyter, turutstyr, lavo, telt, soveposer, kano, sup mm. Mange bruker oss, men vil gjerne nevne det slik at flere husker på tilbudet om behovet melder seg.

Markedsdag på NOS

Et godt samarbeid i juni med Anne på Kultur og Hannelore på Helse gjorde til at vi saman arrangerte marknad i gata ved omsorgsleilighetene. Olav Svalastog og Bjørn Dagfinn Tveit holdt nydelig konsert, og det var mange lokale salgs og utstillingsboder, samt Seniorshop med Drangedal Manufaktur. Vi hadde pølsebod med mange private, og lag og foreninger hadde stands. Vi opplevde



dette som et skikkelig koselig arrangement og blei spurt av beboere der oppe om vi kunne gjøre dette oftere, som sagt så gjort. Ny marknad i august- en ganske kald august dag. Men mange kom og vi opplevde god stemning, flere salgsboder, og en fantastisk konsert med Symre Trio. Tross litt drypp i håret og litt surt vær- var stemningen på topp. Takk til alle som

kom, alle som hjalp til, kjøkkenet på NOS, ansatte og beboere i leilighetene som kom med ekstra stoler på verandaen sin. Hvis ikke alle kan gå på marked- da kommer markedet til dem.

Hilsen Anne og Renate



BLI KJENT MED SALMEBOKA



Tett ved sida mi går Jesus (NR. 361)

*Tett ved sida mi går Jesus
Alltid vil han vera der
Eg treng ikkje gå og ottast
Når eg fylgjer Jesus her*

1. Han på vegen vil meg vakta
Så eg ikkje går meg vill
Å kor godt det er for barnet
å få høyra Jesus til

Omkved

2. Han som er den gode hyrding
tek mi vesle, veike hand.
Dag for dag han trufast leier
meg til himlens lyse land

Omkved

3. Tett ved sida mi går Jesus
Å kor eg er sæl og fri
Som kan jubla ut i lovsong
Eg er hans til evig tid

Omkved

Denne sangen er Haldis Reigstad sin mest kjente sang. Ho skreiv den i 1977 medan ho lytta til ein bibeltime. Samstundes bekymra ho seg for ein svulst ho hadde oppdaga og den påfølgjande operasjonen. Dette har blitt fortalt i Astrid Dalehaug sin biografi om Reigstad. Medan ho sat og lytta kom orda «Ver ikkje redd, eg er med deg» til henne. Sangen har tre strofer og begynner og sluttar med omkvedet.

Teksten gjev uttrykk for ein sterk tillit til Jesus og at han alltid vil vera med oss. Det kjem tydeleg ekstra fram i «eg»-forma og ikkje minst teksten «tett ved sida mi». Barnet og den tilliten det har til vaksne er og eit viktig element. Det er godt for barnet å ha Jesus som den gode hyrding. Salmen går fra å vera redd, men Jesus er med og i strofe tre er det lovsangen og jubelen som blir løfta fram. Salmen er enkel og kan syngast av folk i alle aldrar.

Melodien er av Gunstein Draugedalen. Han er født i Kviteseid. Draugedalen er utdanna ved Musikkonservatoriet i Oslo, og Ansgar-bibelskole. Han har og vore pastor for det Norske misjonsforbund.

Denne salmen er truleg den meste kjente Draugedalen har komponert melodien til. Melodien er likskap med teksten, komponert i 1977.

Draugedalen sjølv seier dette om melodien:

«Eg fekk teksten av Haldis rett etter bibeltimen. Den fekk plass i ei jakke eg sjeldan brukte, og det var fyrst på hausten eg fann den igjen. Då såg eg fort at denne teksten måtte får ein melodi. Det var som om den ropa på tonar. Med notepapir og blyant vart tonen til på få minuttar. Men eg hadde tvil om melodien var av kvalitet, og måtte kontakte min gode venn Trond Andersen om den var liv laga. Trond meinte den måtte ut på plate og på noter at den ville bli ein hit. Og, ut kom den – på LP 1980, og etter kvart i notehefte. Den kom snart inn i sang-og salmebøker både i Norge og i andre land. Huskar eg framførte han på hebraisk i Israel. Dei mange tilbakemeldingane gjennom åra fortel om ein enkel liten sang som er mykje brukt av både unge og eldre – i glede og sorg, og som har vore til hjelp for mange»

Maria Skjæveland, kantor

FRÅ KYRKJEBOKA

Opningstider

på kyrkjekontoret:

Tysdag-torsdag 10-14.

Elles treffetid etter avtale.

Kontoret kan vere ubemannet
pga. oppdrag ute.

Tlf: 350 48 443/350 48 449

Hallvard Nordbø

Jørgensen

sokneprest

Mobil: 95 92 29 84

E-post: hallvard.jorgensen@
tokke.kommune.no

Marte Martilla Dybdal

Konfirmantprest

Mobil: 47 17 72 27

E-post: madyb@fyresdal.
kommune.no

Bente Meyer

kyrkjeverje

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer@nisse-
dal.kommune.no

Hans-Christian

Stana Borstad

kyrkjeverje

Mobil: 91 89 15 28

E-post: hans.borstad@nisse-
dal.kommune.no

Maria Skjæveland

kantor

Mobil.: 94 06 02 69

Kyrkjetenarar

Anne Marie H. Larsson

Leif Lauvdal

Leiar i soknerådet:

Gerd Irene Sønnerland

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88/91 11 35 80

KIRKENS SOS

TLF: 22 40 00 40

Nissedal kyrkje

Dåp:

25.8. Emil Nordbø, Foreldre: Camilla Kåsi og Jon Olav
Nordbø

Gravferd:

28.06. Olav Gunnerius Fjalestad f: 1933, d: 19.06.2024

21.08. Tove Marie Søftestad f: 1934, d: 08.08.2024

21.08. Arne Grimstveit f: 1944, d: 10.08.2024

Treungen kyrkje

Dåp:

18.08. Jakob Tveit Aarak, Foreldre: Oda Tveit og Bjørn
Kristian Aarak

18.08. Alfred Eilefstjønn, Foreldre: Malin Eilefstjønn og
Henning Grøthe

Gravferd:

31.07. Leif Holmbakken f: 1942, d: 19.07.2024

07.08. Gunvor Haugsjå Ulltveit-Moe f: 1944, d: 26.07.2024

07.08. Ellen Turine Homme, f: 1936, d: 28.07.2024



*Bak fra venstre: Leif Lauvdal, Anne Marie Hesmyr Larsson, Hallvard
Jørgensen og Hans-Christian Stana Borstad.*

Foran fra venstre: Bente Meyer, Maria Skjæveland og Marte Dybdal.

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal,

priv. tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON: Kyrjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld. Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk.



ÅRETS KONFIRMANTAR



Rad 3 frå venstre: Daniel S. Haugstøyl, Isabel Isosa Nesblom, Torstein F. Gjerde, Tilje Trontveit Vik og prest Ragnar Kortner.

Rad 2 frå venstre: Leah Nordgaard-Tveit, Lilja Sanden, Maren Solberg, Tone Haugsjå, Gunnhild Tveit og Per Martin Pedersen.

Rad 1 frå venstre: Anne Håtveit, Amalie Rekvik, Linnea Sanden, Ada Waller Bjørkmo, Vilde Evja, Emma Lauvdal og Mathias Kåsi

